Februar 2020

Årsmelding 2019 for Holsen Grendalag

Styret

Styret har hatt følgjande samansetjing i 2019:

Leiar: Leif-Helge Birkeland
Nestleiar: Stig Arve Holsen Foss
Kasserar: Øystein Holsen
Skrivar: Trine Renate Vallestad
Styremedlem: Hanne Høgseth

Vara: Hildegunn Kvamme og Henriette Nydal

Valnemd

Gro Reiersgård	1 år
Nicolai A. Holsen	2 år
Tommy Lykkebø	3 år

Styret har hatt 3 møter, i tillegg til løpande kommunikasjon og avklaringar gjennom året. Dei har handsama 23 saker.

Arbeidsoppgåver for styret:

- Grindbygg
- Veglys
- Hjartestartar
- Vårdugnad
- Tiltakspris 2018
- 17. mai-feiring
- Jonsokfeiring
- Loppemarknad og adventsbasar
- Adresseplan
- Mobildekning
- Kulturminneplan
- Autovern
- Diverse

Grindbygg

I 2019 vart grindbygget beisa og det kom grasfrø i taket. Det manglar nokre nedløp utvendig samt innvendig utforming, elles er det så og seie ferdig.

Hjartestartar

På årsmøtet i 2019 vart det vedteke å kjøpe inn ein hjartestartar som skal plasserast på skulen. Denne er kjøpt inn i 2019, men ikkje hengt opp endå. Dette grunna litt diskusjon rundt praktiske omsyn i forhold til tilkomst for eventuelle brukarar.

Felles dugnad ved skulen og på tusenårsplassen

Den årlege vårdugnaden gjekk av stabelen laurdag 4. mai. Denne har i ei årrekke vore eit samarbeid mellom grendalaget og Holsen skule og barnehage; nytt av året var at også soknerådet i Holsen og Haukedalen vart inviterte med som arrangør. Det var svært bra oppmøte på dugnaden; grendalaget stilte med kake og forfriskningar. Takk til alle som deltok!

Tiltakspris 2018

Jøran Vallestad fekk tiltaksprisen for 2018. Den vart delt ut i samband med programmet på 17. mai.

17. mai-feiring

Det var ein strålande 17. mai med sol frå klår himmel – det merka vi godt på salet av brus og saftis. Resultatet frå dagen viste eit overskot på kr 13 659. Takk til komiteen som arrangerte.

Jonsokfeiring

Jonsokfeiringa vart arrangert av husstandane i Viskedalen - Fleten, og gjekk føre seg nede ved vatnet på Høgset hos Andrine og Einar.

Loppemarknad og adventsbasar

Det vart arrangert loppemarknad og kafè søndag 10. november. Vi fekk inn mange lopper og det var bra oppmøte på arrangementet.

Adventsbasaren vart arrangert 1. desember av husstandane frå Vettereiene - Nydal. Bra frammøte også her og det var ein vel gjennomført basar.

Inntektene for desse to arrangementa kom samla sett på i overkant av kr 48 000, som vert øyremerka veglys. I tillegg er det komt inn gåver til veglys etter at det vart lagt brev i

postkassane i bygda. Totale inntekter øyremerka veglys endte på kr 67 052.

Adresseplan

Formannskapet i Førde kommune gjekk i 2019 inn for at vegen frå Moskog til Rørvikflåten skal heite Holsenvegen, men det er framleis ikkje gjort endeleg vedtak på dette.

Kulturminneplan

Bedehuset er frå 2019 komt inn i den lokale kulturminneplanen.

Veglys

Veglysnemnda har i 2019 bestått av Einar Sæterdal, Lars Sæterdal og Frode Sørevik. I løpet av året har lysa på Høgset blitt ferdigstilte. Det har også vore ein del vedlikehald. Det er sendt søknader for dei neste strekkene i veglysplanen.

Autovern

Ingen utvikling i 2019. Autovern i Høgsetbukta og på strekka Høgset-Skjeldset står framleis på behovslista til vegvesenet, og har ikkje vore ute på anbud.

Økonomi

Resultatet for 2019 viser eit underskot på kr 35 817, som er dekka av oppsparte midlar.

Leif-Helge Birkeland/sign Stig Arve Holsen Foss/sign Øystein Holsen/sign

Trine Renate Vallestad/sign Hanne Høgseth/sign